

# HANDLINGSPLAN FOR OPPFØLGING AV ELEVEN SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGSMILJØ FOR KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE



## **Heimel: § 9a-3 første ledd og 9a-4. Krav om internkontroll.**

”Skolen pliktar å arbeide systematisk for å oppfylle eleven sin rett til et godt psykososialt miljø.” Det systemretta arbeidet må sjåast i samanheng med det individretta arbeidet. Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleiken til elevane, og førebyggje brot på eleven sin rett etter §9a. Ein nødvendig føresetnad for det systemretta arbeidet er at skolen omset krav i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar.

For å planleggje, registrere, halde oversyn over og dokumentere arbeidet med å oppfylle kravet til internkontroll skal skolen kvart år lage ein handlingsplan for arbeidet. Handlingsplanen skal minimum innehalde beskriving av konkrete mål, planlagde og utførte aktivitetar/tiltak, ansvar, tidsfrist og dato for gjennomføring. Planen skal gjerast kjent for alle tilsette slik at dei er orienterte om kva for aktivitetar som er planlagde og gjennomførte. Handlingsplanen skal dokumenterast lokalt på kvar skule.

## LOKAL HANDLINGSPLAN

HEIMEL	MÅL	TILTAK	KARTLEGGING/ DOKUMENTASJON/ RESSURSAR	ANSVARLEG/ GJENNOMFØRING OG ELLER / GJENNOMFØRING	TIDSPUNKT
<p>Det førebyggjande arbeidet</p> <p>Jf § 9a-3 andre og tredje ledd</p>	<p>Alle medarbeidarane kjenner godt til handlingsplikta og etterlever rutinane</p> <p>Elevar og føresette er godt informerte om rettar og plikter</p>	<p>Informasjon</p> <p>Informasjon til alle medarbeidarane</p> <p>*Årleg ved skolestart</p> <p>*Ny-tilsette ved tiltreding</p> <p>Informasjon til føresette og eksterne samarbeidspartnarar</p> <p>*Infobrev/brosjyre</p> <p>*Skolens nettside</p> <p>*Foreldremøte</p> <p>*Elevsamtale</p> <p>*Skulearena med tilgang for føresette</p>	<p>Skriftlege rutinar, jf. kvalitetsdokument for informasjon</p> <p>Kvalitetssystemet: Skulemiljø- rettleiing</p> <p>Informasjonsbrosjyre frå U-dir</p>	<p>Rektor</p> <p>Leiinga</p> <p>Kontaktlærer</p>	<p>Årleg informasjon ved skulestart i aug.</p> <p>Evaluering i vår halvåret</p>
<p>Jf § 9a-3 andre og tredje ledd</p>	<p>Alle deltek i utarbeiding av felles planer for arbeidet med skolens miljø</p> <p>Medarbeidarane følgjer opp rutinane</p> <p>Elevane kjenner til kven dei kan vende seg til om hendingar / situasjon</p>	<p>*Årleg gjennomgang av krava i kapittel 9a</p> <p>*Fastsetting av konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet</p> <p>* System for oppfølging av krava i kapittel 9a – internkontroll</p> <p>*Plan for implementering</p> <p>* Oppfølging av system og etterleving av rutinar</p> <p>*Evaluering av mål og plan for arbeidet med skulemiljøet</p>	<p>Elevundersøkinga</p> <p>Undervisnings-evalueringa</p> <p>Fråværsstatistikk</p> <p>Tal sluttarar</p> <p>Ordens- og åtferds karakterar</p> <p>Tilbakemelding</p> <p>elevsamtalar</p> <p>Tilstandsvurdering</p> <p>Skulebesøk</p> <p>Ressursar:</p>	<p>Leiinga</p> <p>Ref. oversikt over organisering og ansvarlege</p>	<p>Personalmøte ved skulestart</p> <p>Kontaktlærar-møte ved skulestart</p> <p>Bli-kjent-tiltak for elevar ved skulestart</p> <p>Evaluering av mål og plan i vår halvåret</p>

	<p>Elevane opplever at rutinane vert følgt opp</p> <p>Skulen har system for planlegging, gjennomføring og evaluering av arbeidet med det psykososiale miljøet</p>	<p>* Evaluering av rutinar og systemretta arbeid</p> <p>Klasseleiing og læringsmiljø</p> <p>* Felles arbeid med avklaring av forventningar og ansvar for læringsmiljø</p> <p>* Klasseleiing som tiltaksområde</p> <p>* Rettleiing klasseleiing</p> <p>* Rutinar for gjennomgang av ordensreglar</p> <p>* Fråværsrutinar</p> <p>* Oppfølging av dokumentasjon om fråvær og sluttarar</p> <p>* Kontaktlærarinstruks</p> <p>* Plan mot mobbing (skolens plan)</p> <p>* Rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte elev si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekke og handtere problem når dei dukkar opp</p> <p>* Trivselstiltak / sosiale arrangement</p>	<p>Vegleiar for arbeid med det psykososiale miljøet frå U-dir: Materieil for heilheitleg arbeid med skulemiljøet</p> <p>«Den gode læringsøkta»</p>		<p>Evaluering av rutinar og systemretta arbeid i vår halvåret</p>
<p>Individretta arbeidet Jf. § 9a-3 ander og tredje ledd</p>	<p>Alle medarbeidarane kjenner godt til handlingsplikta og etterlever rutinane</p> <p>Elevar og føresette er godt informerte om rettar og plikter</p>	<p>Val av elevråd</p> <p>Informasjon om skulemiljøutvalet til elevrådet</p> <p>Val av representantar til skulemiljøutvalet</p> <p>Konstituering og oppsett av årshjul / møteplan</p> <p>Gjennomføring av minst 2 møter og tiltak etter plan for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet</p> <p>Evaluering og planlegging av det komande skuleåret</p> <p>Informasjonsplikt</p>	<p>Møtereferat</p> <p>Evaluering (skriftleg)</p> <p>Vegleiar for skulemiljøutval</p> <p>Kvalitetsdokument for skulemiljøutval</p> <p>Kvalitetsdokument for informasjonsplikt</p>	<p>Leiinga</p> <p>Elevinspektør</p> <p>Elevråd</p> <p>Skulemiljøutvalet</p>	<p>Ved skolestart – innan 3 veker</p> <p>Etablert innan veke 40</p> <p>Evaluering vår halvåret</p>

# Hordaland fylkeskommune har utarbeida ei felles forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane:

## Heimel

LOV 1998-07-17 nr 61: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) = (Oppl.lova)

Forskrift til Opplæringslova av 23.06.2006 nr 724 = (f.)

Ot.prp. nr. 46 (1997-98) Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

Udir-07-2005 - Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler = (Udir-7-2005)

LOV-1967-02-10 nr 00: Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker (forvaltningslova) = (Fvl.)

Udir-1-2010 - Individuell vurdering i grunnskolen og vidaregåande opplæring etter forskrift til opplæringsloven kapittel 3

Udir-2-2010 – Retten til eit godt psykososialt miljø etter opplæringsloven kapittel 9a

## §1 Formål

Den vidaregåande opplæringa skal ta sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, og hjelpe elevane, lærlingane og lærekandidatane i deira personlege utvikling. Opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar. Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom skole og elevar, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv.

***Skulen skal arbeide for å hindre at elevar kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.***

***Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd.*** (Jf. Oppl.lova §§ 1-1, 3-7, f.§12-1 )

## §2 Virkeområde

Reglementet gjeld for alle heiltids, deltids- og utvekslingsselevar og lærlingar/lærekandidatar under opplæring ved skolen og, så langt det høver, også for vaksenopplæringa sine elevar, hospitantar og andre når opplæringa er i skolen sin regi.

Reglementet gjeld i timane, friminutta, på veg til og frå skolen og ved opplæringsformer og aktivitetar i skolen sin regi både på og utanfor skolen sitt område (til dømes ekskursjonar og elevreiser).

## §4 Forbod

Brot på desse reglane vert handsama etter reglane i ordensreglementet.

## **1. Vald og sjikane**

***Vald, mobbing, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd er ikkje tillate.***

Elevane skal ikkje laste ned, lagre eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan verke krenkande og/eller er i strid med norsk lov .

***Elevane skal ikkje spreie lyd og/eller bildeopptak av andre elevar.***

## **2. Tjuveri**

Elevar som tek seg inn i garderober og andre stader som dei ikkje har noko å gjere og som stel andre sine eigedelar, vil bli meldt til politiet.

## **3. Farlege gjenstandar**

Det er forbode å ha farlege gjenstandar og våpen på skolen sitt område og ved all aktivitet i skolen sin regi.

## **4. Ulovleg rusmiddel**

Å vere påverka av, bruke, oppbevare *eller selje* ulovleg rusmiddel er forbode på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.

Det er ikkje tillate å vere påverka av alkohol eller bruke alkohol, tobakk/snus på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.

***Skulepersonalet har ei særleg plikt til å ha omsorg for elevane på skolen. Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader eller plagar andre eller skader seg sjølv eller skuleeigedommen.***

## **Mobbing og trakassering:**

Den som opplever eller oppdagar mobbing/trakassering skal melda i frå om dette til ein vaksen. Det er kontaktlærer som har ansvar for å følgja dette opp. Kontaktlærer skal fylla ut meldeskjema. (vedlegg i i kvalitetsdokumentet)Saka skal meldast til rektor som skal ha samtale med den/dei som mobbar/trakasserer. Det er rektor som avgjer reaksjon på mobbinga/trakasseringa. Er det brot på ordens og åtferdsreglementet skal ein følgja handsaminga som er beskrive i §15 i reglementet:

***Kontaktlærer har ansvar for å følgja opp saka i etterkant.***

### **§15 Sakshandsaming ved reaksjonar på brot på ordens og åtferdsreglementet der eleven har klagerett**

Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngjevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.

Ved brot på ordensreglementet som kan føre til bortvising for meir enn resten av skoledagen, skal vedtaket grunngjevast i eige brev til eleven. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett, klagefrist og rett til å sjå eventuelle dokument i saka. (Fvl.§27,3 ledd) Vedtaket kan setjast i verk umiddelbart og har ingen betydning for klageretten. Eleven skal også få orientering om at det i spesielle høve kan søkjast om utsetjing av sjølve bortvisinga til handsaminga av ein eventuell klage er slutført. (Fvl §27, 3.ledd)

**På skulen vår er det mange som hjelper elevane med læringsmiljøet og det psykososiale miljøet. Under er eit utdrag for skulehandboka vår:**

### **3.0 ELEVEN OG SKULESAMFUNNET**

#### **3.1 Dei som hjelper deg ved skulen er:**

##### **Faglæraren:**

- er den du først tek kontakt med dersom du har spørsmål rundt undervisninga, samt undervisnings- og kompetansemåla i faget.
- gjev deg rettleiing i faga, undervegs vurdering, tilbake- og framovermeldingar og har fagsamtalar med deg.

##### **b) Kontaktlæraren:**

- gjev deg råd og rettleiing om arbeidsmåtar og om moglege hjelpe- og støttetiltak dersom du treng det
- gjer deg kjend med lover, føresegner og reglar som vedkjem elevane
- er skulen sin kontakt med foreldre/føresette dersom du er umyndig
- sørgjer for at arbeidsbøra di har eit høveleg omfang og er rimeleg delt mellom dei ulike faga

##### **c) Rådgjevarane og spesialpedagogisk koordinator:**

- gjev deg råd og rettleiing i samband med val av programområde og programfag
- gjev og organiserer yrkesorientering
- hjelper dei elevane som har personlege og sosiale vanskar
- hjelper elevar med innsøking til nye kurs

##### **d) OT/PPT gir m.a. hjelp i samband med:**

- ulike fagvanskar eller spesielle behov
- tilpassingsproblem i heim og skule
- personlege og sosiale vanskar
- alternative opplegg for elevar som sluttar skulen

#### **e) Helsesøster**

- rettleiar i helsesaker
- er kontakt for skulelegen
- deltar på "Helsestasjon for ungdom" torsdagar frå 15:00-17:00 på helsestasjonen.

Helsesøster har kontortid på skulen kvar veke. Kontortida finn du ved oppslag eller ved å kontakta rådgjevar.

#### **f) Skulelege**

- vegleiar i helsesaker
- hjelper deg med legetenester
- deltar på "Helsestasjon for ungdom"

Treng du kontakt med skulelegen, snakk med helsesøster eller rådgjevar. Skulelege er tilgjengeleg ved behov og er på skulen enkelte dag. Sjå eige oppslag på It's learning og på kontoret for elevtenester om møtetider,

#### **g) Elevinspektøren:**

- tar seg av førebyggjande arbeid for å motverka ulike former for problemåtferd blant elevane
- er kontaktperson for elevrådet i administrasjonen
- tar seg av ulike oppgåver i tråd med kapittel 9a i opplæringslova
- er kontaktperson for russen.

**Elevrådet:** Elevrådet arbeider aktivt med HMT for elevane. Dette gjere dei i samarbeid med rektor og elevinspektør. Dei er oppteken av at læringsmiljøet og det psykososiale miljøet for elevane skal vera bra på skulen vår. Dei er oppteken av at elevane skal trivast og ha det bra. Dei organiserer trivselsarrangement gjennom heile skuleåret. Nokre av arrangementa går igjen år etter år.

Årshjul for elevrådet:



## Årshjul for arbeid med det psykososiale skulemiljøet

Når	Kven	Kva	Ansvar
August/skulestart	Tilsette	Informasjon og gjennomgang av: Handlingsplanen for psykososialt læringsmiljø Rettar og plikter	Rektor
August/skulestart	Elevar	Informasjon og gjennomgang av: Handlingsplanen for psykososialt læringsmiljø Rettar og plikter	Kontaktlærer
August/skulestart	Elevrådet	Informasjon og gjennomgang av: Handlingsplanen for psykososialt læringsmiljø Rettar og plikter Plan for trivselstiltak	Rektor  Elevinspektør
September	Føresette	Foreldremøte Informasjon og gjennomgang av: Handlingsplanen for psykososialt læringsmiljø Konstitueringa av SU Søral løpet	Rektor Kontaktlærer Lærarar  Rektor
September	Lærarar elevar	Klasselærarråd Elevsamtale	Kontaktlærer
Oktober	Elevar	Elevundesøkinga gjennomføring og evaluering	Leiarteam
November/desember	Lærar Elev/føresette	Elev/ føresette samtale Klasselærarråd- orden og åtferd Yrkesmessa  Juleavslutting	Kontaktlærer  Rådgjevarar Kvv kompetanse Opplæringskontoret

			Elevrådet/komité
Januar	Lærer  Elevråd	Orden og åtferds karakter møte Klasselærarar  Val av nytt elevråd Rektor møter elevrådet	Kontaktlærer  Elevråd/ Elevinspektør Rektor
Februar	Føresette Elevar	Foreldremøte Gjennomføring og evaluering av undervisningsevalueringa	Rektor Leiargruppa Kontaktlærarar Lærarar
Mars	Lærer Føresette Elevar Kontaktlærer	Elev/ føresette samtale  Kontaktlærarråd Skitur	Kontaktlærarar Lærarar  Komité
April	Tilsette	Evaluering av handlingsplanen for psykososialt læringsmiljø Møte i SU med fokus på psykososialt læringsmiljø	rektor
Mai			
Juni	Tilsette Elevar	Miljødag Filmprosjektet Trafikksikringsdag Sommaravslutting	Miljøgruppa Rektor Komité

## Årshjul for arbeid med det psykososiale skulemiljøet Elevrådet

Når	Kven	Kva	Ansvar
August/skulestart	Vg1 og Vg2	Bli kjend: 2.klassingane og 1.klassingane har felles klassens time 1.-2. veka (eks. 1EL og 2EL)	
August/skulestart	Elevrådet	Gå rundt i klassane og informera	
August/skulestart			Elevinspektør
September	Veke 36 Veke 37 Veke 39	Mobbeaksjon/ Vennskapsaksjon Søralløpet Skulestartkonferansen.	Elevrådet Bredde idrett 3.kkl Elevrådet
Oktober			
November		Halloween (30/10) Næringslivsdagen: Quiz Russerevy	Elevrådet Elevrådet
Desember	1.des  10.des 19. des.	Elektro monterer julelys ute Luciatog Laga julelenker Julekalender. Senderein episode kvar midttime- i kantine, trekkjer gåvekalender Setja opp juletre og pynta Adventsstake. Julegraut for elevane i kantina Juleavslutning	Russen  Elevrådet

Januar		Ball-cup i midt-timane Lokal elevrådskonferanse Val av nytt elevråd/	Elevrådet
Februar	14.feb	Valentinsdag	
Mars		Skitur/fjelltur Påskeharen kjem	Komité Elevrådet
April		Møte i SU med fokus på psykososialt læringsmiljø	
Mai			
Juni		Miljødag Ekskursjonar/turar klassevis Sommaravslutting	Miljøgruppa Komité